


Flott konfirmantdeltaking i vakker lysmesse.

27.11.2016



Sokneprest Reidar Ådnanes fører konfirmantane opp midtgangen.

Medan vår eigen sokneprest, Lina Håland, deltok på opninga av ein barneheim i India i ettermiddag, var det soknepresten i Husnes og Holmedal sokn, Reidar Ådnanes, som hadde lysmessa i Uskedal kyrkje. Det vart ei svært fin lysmesse der konfirmantane deltok mykje, og på ein flott måte. Det var høgtid i kyrkja.



Dåpspåminning ved presten, Camilla og Ida Marie.

Det var ein vakker start då sokneprest Ådnanes leia prosesjonen av 17 konfirmantar frå Uskedalen og Herøysundet, opp midtgangen. Dei var kledde i kvite kapper og bar kvar sitt lys. Ein etter ein plasserte dei lysa sine i globen.

Sidan det er 1. søndag i advent i dag vart første lyset i adventskransen tent. Etter at konfirmant Amalie Hovden Rød hadde gjort dette, fulgte resten av konfirmantgruppa opp med å delta i ulike gjeremål. I tillegg til å delta aktivt i salmesongen var dei med på dåpspåminning, tekstlesing og tenning av lysa i den sjuarma staken og med forbøn. Konfirmantane hadde skrive flotte bøner sjølv der dei hadde fått med mykje viktig både om omsorg for kvarandre og for jorda vi lever på. Desse vart framført av nokre av konfirmantane saman med presten.

Det skapte ei eiga høgtid i kyrkja då konfirmantane deltok så flott i samarbeid med presten og klokkaren. Det er vakkert med så flotte ungdommar i slike oppgåver.

Offergåva denne gongen gjekk til Haldis Childrens Home, ein barneheim som har vorte bygt i India. Sokneprest Lina Håland har vore sterkt involvert i dette arbeidet saman med familie og omgangskrets i Rogaland. Ved starten av gudstenesta helsa Reidar Ådnanes kyrkjelyden frå Lina prest. Om lag samstundes føregjekk opninga av denne barneheimen i India, og Lina og ein liten gjeng frå Rogaland var til stades. På denne barneheimen skal svært fattige born i India oppleva å få det som er sjølv sagt for oss: mat, ein stad å bu og skulegang.

Lina Håland fortel frå India at det har vore ein heilt fantastisk dag der dei har deltatt på opninga. Det har vore ordinasjon av arbeidarar til barneheimen, og på opninga har barna dansa og det har vore masse talar. Ho legg til at det var ei sterk og følelsesmessig oppleving.  
- Tårene satt løst hos oss norske.

Og tenk at samtidig som dette skjedde kl.15 lokal tid, hadde kyrkjelyden i Uskedalen mulighet til å støtta dette gode prosjektet ved å gje offergåve.



Tekstlesar Kristian K. Hansen og lystennar Jan Halvor P. Moss.



Forbøn.



Mykje folk samla under opninga av barneheimen som det var offergåve til under gudstenesta.



[Frå opninga av barneheimen Haldis Childrens Home](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Lina Håland og Thor Inge Døssland